

Reglement for Kvam eldreråd (KER)

§ 1 Lovheimel

KER er oppretta i samsvar med kommunelova (Lov-2018-06-22-83) § 5-12, som seier at alle kommunar skal ha eit eige råd for eldre.

§ 2 Oppgåver

KER er eit rådgjevande organ for dei kommunalpolitiske organa i Kvam herad og skal handsama alle saker som gjeld levekåra for eldre og elles saker som er særst viktige for dei eldre i Kvam.

Døme på saker som rådet skal handsama: tenester for eldre, årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplanar, sektorplanar, reguleringsplanar, bustadprogram, samferdselsaker, kommunikasjonsplanar, kulturtiltak og andre kommunale tiltak som vedkjem eldre i Kvam herad. Vidare skal rådet arbeida i samsvar med *Forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, for personar med funksjonsnedsetting og for ungdom*.

Rådet kan ta opp saker på eige initiativ som fell under KER sitt ansvarsområde. KER skal ikkje handsama saker som gjeld einskildpersonar.

§ 3 Sakshandsamingsreglar

Medlemene i KER skal ha tilsendt saksdokumenta i god tid før møta i rådet og møta i Kvam heradsstyre. Rådet sin uttale til politiske saker skal følgja saksdokumentet til det kommunale organet som tek den endelege avgjersla i saka.

Dei to medlemene i KER som også er faste representantar i HST, har eit særskilt ansvar for at rådet sitt syn i politiske saker som er oppe til politisk handsaming vert gjort kjent for heradsstyret.

Saklista til rådet skal setjast opp av leiar for KER i samråd med møtesekretær.

Ordføraren kan kalla inn rådet eller delar av rådet til temamøter, informasjonsmøter og saksmøter når han/ho finn dette nødvendig.

Møteprotokollane til KER skal offentleggjerast, gjerast kjent for ordførar og dei politiske representantane i Kvam heradsstyre.

§ 4 Val og samansetjing

Kvam heradsstyre vedtek samansetjinga av rådet etter tilråding frå Kvam valnemnd, men pensjonistlaga i Kvam skal ha moglegheit til å foreslå rådsmedlemer.

Kvam heradsstyre skal velja leiar og nestleiar for KER. Leiar skal veljast mellom dei tilrådde representantane frå pensjonistlaga.

Rådet skal vera samansett slik:

2 medlemer med personleg vara blir valt blant dei faste representantane i heradsstyret. Desse representantane har talerett i rådet, men ikkje røysterett.

5 medlemer blir valt blant dei tilrådde representantane frå pensjonistlaga i Kvam.

4 varamedlem blir valt blant dei tilrådde representantane frå pensjonistlaga i Kvam. (Varamedlemene vert nummerert 1, 2, 3, 4 og vert kalla inn i den rekkjefølgja etter melding om forfall blant dei faste medlemene).

Leiar for rådet skal vera eit av dei fem rådsmedlemene (tilrådd frå pensjonistlaga i Kvam).

Oppnemning av medlemmer gjeld for heile valperioden. Det vil seie 4 år om gongen.

Representantane som vert tilrådd frå pensjonistlaga må vera fylt 60 år.

§ 5 Møter

Det skal arrangerast møte i KER ved behov. Leiar har ansvar for at rådet vert kalla inn til møte.

Dersom 1/3 av medlemene i rådet krev det, skal det kallast inn til møte. Medlemene i rådet kan melde inn saker, men det er leiar som vurderer om dei skal settast på sakskartet. KER kan gje uttale i ei sak/ gjera vedtak når 3 av medlemmene er til stades.

Det skal førast protokoll for kvart møte.

Den som er valt som fast medlem i KER, pliktar å delta på rådet sine møter jamfør kommunelova § 8-1.

§ 6 Sekretariat

Politisk sekretær fungerer som fast møtesekretær for rådet.

Sekretæren har ansvar for å ta kontakt med leiar for rådet dersom det er saker på den politiske dagsorden som rådet bør gi uttale til. Det er sekretæren som sender ut møteinnkalling til rådsmedlemmene, tar i mot forfallsmeldingar og kallar inn vararepresentantar. Sekretæren har vidareansvar for å føre møteprotokoll etter kvart møte samt å offentleggjere protokollen jamfør § 3. Det er også sekretæren si oppgåve å syte for særskild tilrettelegging av saksdokument og møtelokale til rådsmedlemmene dersom dette er naudsynt.

§ 7 Årsmelding

KER skal utarbeide årsmelding om arbeidet til rådet innan utgangen av mars månad året etter. Det er leiar i rådet som har ansvar for at dette vert gjort. Årsmeldinga skal leggjast fram for Kvam heradsstyre som ei referatsak.

§ 8 Godtgjersle og arbeidsvilkår

Medlemene i KER får utbetalt møtegodtgjersle, dekt tapt arbeidsforteneste og reiseutgifter i tilknytning til møter i rådet jamfør *Arbeidsvilkår for folkevalde i Kvam herad vedteke i HST 7.5.2019*.

For nokre medlemmer kan det vera naudsynt med spesialtransport til møte i rådet og andre møte i samband med rådsarbeidet. Dersom dette ikkje kan dekkast av TT- ordninga, skal Kvam herad dekkja desse utgiftene.